

## INSTRUKS FOR REVISJONSUTVALET I HELSE VEST RHF

### 1. FORMÅL

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

### 2. ORGANISERING

- 2.1 Styret vel~~jar~~ tre medlemmer til revisjonsutvalet frå medlemmene i styret, deriblant leiar av utvalet. Minst ein av medlemmene skal ha kunnskap innan rekneskap eller revisjon.
- 2.2 Styret vel~~ger~~ medlemmene av revisjonsutvalet for to år om gangen. Ny oppnemning skjer når medlemmer trer ut av styret eller når nokon av medlemmene eller styret ønskjer skifte.
- 2.3 Styret fastset instruks for revisjonsutvalet.
- 2.4 Internrevisjonen i RHF er sekretariat for revisjonsutvalet.

### 3. MYNDE OG ANSVAR

- 3.1 Revisjonsutvalet er ansvarleg for utføringa av sine oppgåver berre overfor styret i Helse Vest RHF. Ansvar til styret og det einkilde styremedlem vert ikkje endra som følgje av revisjonsutvalet sitt arbeid.
- 3.2 Revisjonsutvalet har mynde til å undersøke alle forhold ved helseføretaka. Alle tilsette skal gje dei opplysningane og yta den bistand som revisjonsutvalet måtte be om, med atterhald om avgrensingar i lov og regelverk.
- 3.3 Revisjonsutvalet kan set~~je~~ea i verk dei undersøkingane ~~den-det~~ finn nødvendig for å ivareta sine oppgåver. Revisjonsutvalet utfører normalt sine oppgåver ved å nytte internrevisjonen, men kan også hente inn ekstern bistand.

### 4. OPPGÅVER

Revisjonsutvalet skal:

- 4.1 Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre

- målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
- påliteleg styringsinformasjon
- etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
- oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.

4.2 Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon. I dette ligg bl.a.:

- halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid og sjå til at dette går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav
- innstille overfor styret på internrevisjonens budsjett og årleg plan for internrevisjon
- godkjenne vesentlege oppgåver for internrevisjonen utanom vedteken revisjonsplan

4.3 Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv ekstern revisjon. I dette ligg bl.a.:

- sjå til at revisjonen går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav
- gjennomgå vesentlege forhold knytt til Helse Vest sin årsrekneskap saman med ekstern revisor
- sjå til om ekstern revisor eller revisjonsselskapet har levert andre tenester enn revisjon som bidrar til å svekke eksternrevisor sin uavhengige rolle

## 5. RAPPORTERING TIL STYRET

Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram:

- Protokoll frå møta i revisjonsutvalet, til orientering
- Årleg møte- og aktivitetsplan for utvalet, til orientering
- Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling
- Rapportar og større saker, til behandling eller orientering. Styret kan også be om at andre saker og rapportar som utvalet har behandla, blir lagt fram for styret
- Årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering

## 6. MØTER

6.1 Ordinær behandling i revisjonsutvalet skal skje i møter. Det må vera minst to medlemmer ~~tilstades~~ stades for at møte skal vere lovleg sett.

6.2 Revisjonsutvalet møter så ofte den finn det nødvendig, men minst fire gonger årleg.

6.3 Møta i revisjonsutvalet er opne. Lukking av møte kan skje etter same reglar som for styret, sjå styreinstruks.

- 6.4 Revisjonsutvalet bestemmer sjølv si møteform.
- 6.5 Innkalling til møta skal skje skriftleg og dei sakene som skal handsamast skal gå fram av innkallinga. I spesielle tilfelle kan leiar av revisjonsutvalet avgjera at innkalling kan skje munnleg.

## 7. ANDRE SIN MØTE- OG TALERETT

- 7.1 Styremedlemmer og administrerande direktør eller den han utpeikar i Helse Vest RHF, har møte- og talerett. Administrerande direktør deltar personleg minimum ein gang i året.
- 7.2 Internrevisjonen deltar på møta, har talerett og er sekretær for komiteenutvalet.
- 7.3 Ekstern revisor deltar på møter minimum ein gang i året for gjennomgang av årsrekneskapen.
- 7.4 Styreleiarar og administrerande direktørar i helseføretaka har møte- og talerett når saker under deira ansvarsområde blir handsama.

## 8. INFORMASJON

- 8.1 Verksemda i Helse Vest er omfatta av offentleglova. Informasjon i saksdokument skal nyttast slik at den ikkje er til skade for arbeidet i utvalet og i styret.
- 8.2 Det skal gå fram av sakspapira dersom informasjon skal handsamast konfidensielt med heimel i lov, og det inneber også at medlemmene i komiteen-utvalet har teieplikt om desse sakene.

## 9. IVERKSETTING

Denne instruksen gjeld frå 68. februar-mars 2018-2019 og erstattar instruks vedteken av styret ~~108.~~ februar 20168.